"SUNNABU" 23/3-74.

Kjell, Magne og Anne Sofie kom til Sunnabu fredag kveld i 11-tida - nydelig stjerneklart ver. Hytta var lun og koselig, for her hadde vore folk like vekk - dei var nett reist - her lukta så nyvaska og var så fint. Kveldn gikk fort med kaffidrikking og prat, og ein time over midnatt kraup vi i "loppekassene" for å vere i toppform til skitur neste dag. Kjell var dm fyrste som oppdaga sola - på han var i sving på kjökkenet kl.8. Etter en bedre frokost la vi i veg i löypa. I dag har vi hatt ein aldeles nydelig tur innover fjellet. Ved "Såta" skilde vi lag - Magne og Kjell gikk til "Kvitingen" - Anne Sofie til "Breiarusti". Alle er vi vel fornøgde med turen, og bra farge har vi fått. No overlet vi hytta til "Gular-gjengen" og reiser på gamaldans. Tusen takk for en flott dag her.

Hilsen Anne Sofie - Magne. Kjell

23/3 - 25/3 - 74

Kom opp lørdag ettermiddag, dessverre litt for sent til at det ble noen tur.
Olav var kommet om formiddagen og hadde allerede vært til „Kvitingen".
Gunnlaug og Gunnar, deltakere på gamaldanskurset, hadde vært til „Låta".
Enn gjeng Gulas-folk var her også.
Søndagen var helt nydelig. Vi gikk en fin tur.

Bygdelagsstevnet ble arrangert fra "Gunnabu". Ingen deltagere fra Gunnhordlendingen! Får håpe det blir bedre neste helg når „Gunnalvsvennet" går av stabelen.

Sitter nå i solveggen like før vi skal dra.
Takk for sist!

Randi Helgesen

P. Gilbertsen Kari Helgesen.

Ivar Myklebust Olav Bjørgen

Gunnlaug Miljeteig Gunnar Ramsdal

GULAR

23-24/
MARS /74

SUNNABU

29-31 Mars 1974

"Sunnabunemmet" gjekk ikkje denne helga, med strålande sol og sigent klisterføre. Derimot gjekk "Kvamskogen rundt" rundt ikring oss på alle kantar. Folket på 'Sunnabu' greidde likevel, ved stor innsats på laurdagskvelden, å halda seg borte frå det freistande tilbodet, alle bortsett frå Arne Hauso, som kom i mål med dra om ikkje vokal. Vi andre gjorde vår innsats ved å heia på han (og andre me drog kjensel på - det var ikkje lett i kjenna folk att etter 2 mil i hardt tempo). - "Nye" og "gamle" hytteforaren hygde seg godt idag, mett som i gamle dagar. Alf'en var innom laurdagskvelden og sprute fram den vakre dottera si (ho likna mora).

Sigmund Myklebost Gunnlaug Skålevik Magnus Waage
Ivar Myklebost Kari Helgesen
Arne Hauso Gjell Nesse

Beate Myklebost
Magne Ro
Randi Helgesen

1. april 1974

Nå har også eg vore på "kvitingen". Utruleg – men sant.

NB! Dette er ikkje ein aprilspøk.

Sven.

6/7. april 1974



1994 TONE Kjærgård 1994

2-3 APRIL 1994

Først var eg på Stord,
no er eg på Sunnabuuuu
Hei og huuuuu!



Tone Kjærgård

1974 SUNABU.

Tone Pedersen 9år



6-12 APRIL 1974:

Fra Palmelørdag til langfredag
var hjemme på Sunnalun.
Han reiste til byen att langfredags
formiddag. Halleluja!

4. – 9. april -74.

Kom opp torsdag ettermiddag til dom hytte og skya ver. Men det varte ikkje lenge før hytta var full og sola viste seg fra si beste side.
Me tok for oss kvikingen ein av dei første dagane og så var det unnagjort. (Ein av deltakarane hadde ikkje det minste lyst til å gjera turen omatt!)
Sidan har me vore på Fagrefjell, Lille-Kvikingen, Såta, Breiarusti.
Kveldane har me nytta til annan idrett, som pilkasting og Amerikaner. Der høgaste av oss var nesten ekkje til å få i seng om kveldane; han hadde store planar om å setja ny rekord i pilkast, og kom bra frå det! Der minste var endå betre; kven andre klarte å få lampeskjermen rud på golvet?!
– Det beste av alt var nå likevel veret, nå kan me reisa heimatt med påske-fargen (og det er vel det viktigaste?)

Gunnlaug Hilgekrog

Gunnar A. Ramsdal

PÅSKEN - 1974.

Eins fins skiturer til Fager-
fjell Set punktum for påske-opphaldet
og både veteranane og vi "nye" —
reiser tilbake til byen med mange
fine minne frå heilga og mykje
eller mindre brunfarge.

Mange av oss kom opp til
palmehelga og fekk nytta dei
kjærkomne godvers-perioden fullt
ut. Så vi andre fekk ei fin
mottaking og blei fort informert
om muligheitene "Sunnaba" og
terrenget omkring har å by på.

Etter dagens skiturer kom dei
tradisjonelle Yankee-finngane i gang
og vi blei bitt av pilkasting-basillen,
så vi hadde ikkje tid å kōya. Det

blei mange turar, m/uten maskot, med Sigmund og Lars-Olav som erfarne ski-brukarar — og innbitte konkurrentar. Di viser til bevis i fjane på veggen hos Sigmund. Andre hadde meir spektakulle favorit-hobbies, - Svein gjekk inn for "rev-krok", som vi ikkje fekk demonstrert, denne gongen. Og Kina-fjakken blei berga av ekstra utstyr som Sorbits, Eukament og ein norsk sukkerbit.

Påskeaftå gjekk damen over tilje og vi fekk servert både blåtkake og "karamellpudding à la Sunnabu" med ny vri.

Dette var første turen litt og den har gjeve mersmak. Morgondagen må vi bruka til å tilpasse oss ski-støvet, og L.O. må til med nål og tråd. - Mange hilsen frå heile

(NÅ OGSÅ M/RYGGSEKK -!)

Beate Myklevoll Lars Olav Sunnabu, Kirsti Tvedten Sigmund Sunnabu
Helga A. Gill Magne R. Gerd Pedersen Arne Johan Nøttveit.

19 - 21. april.

Etter vel ein times fortvilt venting på trappa kom endeleg "Ökjel'n" og humøret stig. Fredagskvelden var Sunnhordlene minoritet, men ellers var England, Tyskland og Nederland representert.

Laurdagen stöygnde det på med folk som for vidare til Kristiingen - Dagens kordose tur gjekk til Negerlandsbygen, sol var også fin - Laurdagskvelden og -natt var lang - Sjøforsvaret sende ein representant lit - Ellers viste Olav sin dugleik i dalling - vi var alle Gjorleg imponert.

Söndag drog heile gjengen på "flöyelstur" til Fagrefjell Været kunne sikkert ikke vore betre.

Ingvar Lollund

Sigmund Myklebust

Oddbjørg Oppedal

Olav Bjørgo

Gunnbjørg Skålevik

Hordeg helg. magne Rd

Peter Wiestmann

Arne Olav Skaug

Olav Lyn-Wingen

Gillaug Dellingen

Lee Rake

28/4. 1974

Sunnabu **TONE** Sunnabu

En dag jeg var
her laget jeg en
sne-hytte. Katten
vår har fanget
mus under hytten.



9. år.

27 og 28 April
29-30 april / 1. mai - 1974.

Som de "Ola nordmenn" vi er, må det først skrives om været. For at vi nå opplever en rekord i "godvær" fortjener vel en liten bemerkning. Etter nesten 2 mnd. med bare sol, hadde vi ikke trodd at vår vinterferie skulle bli like fin. Men det ble den og vel så det! Så dit er 4 brune og blide fjes som nå reiser hjem. - Ellers har vi hatt noen rolige og avslappende dager, vært på "fløyelsturer", spilt kort, strikket, brodert.

Så tilbake til begynnelsen. - Da var vi 12 stk. samlet. Og når ingen av de som reiste tilbake søndag kveld ville skrive i hytteboken, må altså vi gjøre en dobbel innsats. Ser det som en stor tillit til oss at de skriver under på noe de ikke har lest.

Men så mye kan sies at fest ble det, med dunder, brak, Smirnoff og påfølgende nattmat. - Våper alle har kommet seg na. - 1. mai feiret med langt løypetog sammen med 4 nye hyttegjester. Vi takker for oss. (Disse var på kortingen: Brit Brakstad, Olaug Bjørgen, Skåtevik, Olav Bjørgen, Gerd Pedersen)

Brit Brakstad
Wenche Bolstad Olaug Bjørgen Gerd Pedersen
Anne Mor Skaar
Olav Bjørgen
Liv Treita Pedersen
Tone

Sunnaba den 4-5 Mai -74.

Vi skal skrive dikt, det er moro med slikt!
Laurdagen var stygg og grå,
men sundag vår det råd på ski å gå.
Laurdagskvelden gjekk med dans og leik,
glising og leing og mykje preik!
Olav Lekk inn knekk i holka,
men det har han vel lått så "olka".
Grunnen til dette var hallingkast,
han landa på golvet med brak og "brast".
Bortsett frå dette gjekk allting bra,
no må vi heim att dra!
Takk for oss, vi kjem snart att!

Solvej Sölvberg
vegne Q d
Gunnbjørg Skålevik
Oddar Helmesen.
Kristen Axlerwold

Brit Brakestad.
Olaug S. i ögn

Anne Hann Skaug.

17.–19. mai 1974.

Solbrende og ørsme, men
blide og forfrøyde sit dei her
og skal arbeid i hytteboka,
Olaug, Tore, Svein, og under-
tegnede – men dei andre er
travelt opptatt med å fiydda
etter oss.

17.-maifeiringa starta dei på
ulike stader, mykje gjekk i
tog i bygdesløvet (m/fane), – andre
bad og "stikke" seg på båta.
Men til dess frøkostgrautern kom
på bordet, var vi samla, alle 15
Alle var sabla opplagt (unntatt ei,
Olaug – men ho kom sterkt
igjen 18. mai!) Lydbåndet til
Gunnbjørg sørgde for musikken.
og i perioder vis var det stor

aktiviteter på golvet. To representantar frå Fallskjermklubben arriverte i 3-tida og Anne Sofie har allerede meldt seg på kurs. (Første landing: Følg med i B.T.)

18. mai " følte di damene på kroppen", uvant ein-se forrige avsnitt. Her det blei da registrert eindel gummabuer på kvistinger, andre falt av underveis i løypa. Badevesorgen blei oppna i ein kulp (av Anne-Sofie!)

19. mai fekk SVEIN autografen på gerdesen (i tillegg eget ønske).

Anne Sofie Tofland
Tove Evanger
Ingrid Gunvide
Gunnbjørg Skålvik
Brit Brakestad
Sveinung
L. Mehre Olav Bjørgen

Olaug Kåsberg
Vidar Helmersen.
Magnhild Arbo
" — Tofland
Helga Gill
Kari Aarbakke
Anne Marie Skaar

Pinsa 1974. (31/5 - 3/6-74)

Dette har vore den fredligaste helga på Sunnabu på lange tider - - - (herlig fredelig)!! - Men så var det berre fire frå "elitegruppa" som deltok i pinsestemna. i år.

Svein sto klar med kaffien og tok mot med åpne armar når vi andre kom i 14-tida lørdag. Det gikk ikkje lang tid før fiskestanga kom fram (av seg sjølv) og turen gikk i raskt tempo opp til Haavatnet. Svein hadde vore der før på dagen — så han — (utan fiskestang). Turar vart det mange av, både lange og korte — kjelig og reint — med og

utan paraply –! Mat hadde vi plenty av, –så om fangsten vart liten (fisk), svalt vi ikkje.

"Fritidsaktivitetane" var mangslungne: Yatzy, kortspel, pilkast, 20-spørsmål, hvem vet mest(?), kryssord, mil, strikking(alle damfolk), vaffelbaking, pliskos, "hvor er Snøfte?", trøklatring, blomsterplukking. Kvar enkel utmerka seg på sitt spesialfelt (Brit fann Snøfte).



Det vart noko einsamt med kvar sitt rom – loftet vart rudninga. Vi har no tenkt å avslutte stemna med tur til Hardanger (rekk vi blomstringa?).

– Takk for no!

Brit Brakestad
Olav Bjørgen

Ingvild Anne Sofie

Søndag 4/8-74.

No reiser dugnadsgjengen heim etter ei veke på Sunnabu. Vi treng vel ikkje fortelja kva vi har gjort – "etterkomarar" med godt gangsyn ser forhåpentlig dis at vi ikkje har lege på latsida. (Sjå utviding av kose-krok, isetjing av nytt vindauga, og ny trapp.)

Olav Bjørgen
Brit Brakestad

Kjell Nesse

Anne Sofie Tofland

30.8 - 1.9. 74

Dugnadshelg med altfor fint ver. Først klokka ½5 laurdag kom arbeidet i gang. Me hadde då alt vore ein tur retning Myklevatn.

Men no me først ver i sving med malekostane, var det vanskeleg å stogga. Nye-veggen og 2/3 av gamleheimen + div. vinduskarmar har fått ein forfriskning i brunt og blått. Etter at det vart tussmärkt gjekk Gunbjörg og Kari laus på halve skykkja og dei andre måtte hjelpa til.

På sundagen kom helgedagane fram, men dei fekk ein klatt dei og. Taket inspisert og funne lekk!! Det må ordnast. Mvh Ann Mari

Kjøkkenbord.

Etter klager på protokollføringa må skrivaren koma med eit PS. :

PS.

1. Krabbefest med kvitvin og handfanga krabbe. Krabbeklørne skal sendast til Kåre Jan i USA.

2. Laurdagskvelden tømde Kari og Gunnbjørg ei øl-ei halv ..... for å samla mot til å gå til røde-kors hytta der fallskjermhoppane kanskje venta?

Gunnbjørg Skålevik

Ellisiv Jamila. Skagerheid d. S

Bjørg Nilsen

Eg protesterer, punkt 2 under PS. er ikkje i samsvar med det som verkeleg gjekk føre seg. Kari Garbakke.

Kari strikka genser



13 - 15. sept. 74

Det dukka opp eit nytt ut-trykk:
"Ha det som plommen i eggedosisen".
Vi ventar enno meiningsfylte tolkingar
av denne djupe filosofien. Magnhild
tykte det smaka av ein noko utvispa
personlegdom.

Det vart mykje filosofering og
skarpe ordleggingar denne helga.
Men også kultur: Dans og drøs,
mat og drikke vart servert lenge
etter midnattsbel av eksotiske Kari.
Magnhild er ikkje lyssky slik mange
trur - tvert om er ho mørkredd:
Fredagskvelden stabla ho opp 3 spikerpakkar
på loftstleka for å halda skyggemannen
nede. Laurdagskvelden var det likare,
for då hadde ho mannfolk innafor
armslag. Loftet har fått sin renesanse.
Berre Annemor tykte det vart for gildt

å liggja oppe.

Fallskjermørane var her, men to slåst om ein (den andre var visst verre fallskjermør).

Det var fleire poeng. Nokre her:

1. Taket lappa. Gardiner opphengde.
2. Gardinene var ikkje så fæle som nokre fortalde.
3. Me sakna den langsamme versjonen av «dei to kokkane Bruse og Løffshollet».
4. Lørdagskveldene: Pannekaker og håndplukka tyttebær.
5. Kari er blitt møbelmeklar. Se bein på sofaben

Tusen takk for ein hyggeleg debut på Sunnaberg!

Kari Garbarek

Hagebrukarskulen

28./29. Sept. - 74.

Framleis stor stemning på loftet. Nye lemar lemar mest var parolen L.O.T. gerde med for helga. To heilt nye lemer innfann seg også og blei lemmelig svart husvarme. Sudeen Spelemann er ljarfeleg velkommen att, med både gitar, visebøker og godt humør. Di har bröyt frykter om at han stiller sterkt på haustfesten. Ragnhild, som lyppisk sveiber, viste svart romantiske tendenser, og med sin solide sykepleiebakgrunn, viste ho stigande interesse for hjelpekorpsaktiviteter. Tommy begynner å kjenna terrenget her oppe nå, men bala falt for å nå fram til brytaren på loftet.

Kari viste seg igjen fra den huslege
sida og stelte i stand blötkake
som fekk mykje fagnad. Og dei
tre representantane fra fallskjerm.
klubben visste å arrivera i rette
øyeblikk. Sveis var også i swing
på kjökkenet, det meste av tida
dari var også iverig på dansegolvet
og til sist fann han seg godplasse.
med ei jente i kvar armkrok...
Og så over til den andre danselön
Sigmund, som dukka opp att ette
lengre fråvære, og avla eksamen
standard ekstra, på brevbyte-
kurs som pliktdans, Tango Jalousie
Lell var han sprakaste kaven og
på morgonkvisten, og gav Magnhi
ei handsrekning med frokosten
som blei servert i 11-tida.

Eg trur ikkje vanlig at
Magnhild er jin!

Sigmund Myklevoll

Tilfredes!
Johnny A. Jørgensen

Torill laud på heimebaka brød og er komen først på lista over dugande koneemne i Skiringssalen. Helga dukka opp på loftet borr sisterarm og var i godt lune etter gamaldagsskurset om natta.
Førdagen gjekk dei mye på omvisningstur før frukost. Dei fleste andre drog avstad til Vegerlandsbygen i oljehyre. Og Sigmund laga ei eiga miniløype som han gjennomførte to gonger. Sjå kart i full måle-stokk på neste side.
Vi gler oss alle storleg til langhelgom ei veke.

Hagnhildstrolla

Ragnhild Elise Nesse
Kari Garbakke
Helga Gill
Torill Strømme
Sigmund Brean
Audun Aasheim

4.-7. oktober 1974.

Langhelg på "Sunnaby" for Store og Små medlemmer. Nokre av dei Store var så Spreke at dei gjekk på Kvitingen Lördagen.
Marit var debutert på loftet under oppsyn av Sin Fader, og hu Synes der var "godt og varmt", og det blei Veldig koseleg da alle dei andre kom og la Seg. Det var også ein Sjarmerande velkings-Seremoni, Så dei aller fleste var raske med til frokost.
Vi har også "övd på folkeviser og andre Sangleker, og også denne gangen blei Sudern

midtpunkt med gitaren.

Handag var vi til Norheim-
sund og parta 250 flasker, så
da blei det blökkake og brus
på "Galtung". Og så var vi
innom Laupsa og helste på
Tjuls Som var heile svart med
grönne augo og gjorde varig
inntrykk på Åre. Marit kjöpte
ein eplekasse med seg heim.

Brit, Olav og Liv var også her.

Magnhild Tollund. Torill Strømme
Kristin Øksnevad Marit Tveita
Anne Sofie Tolland (m. p. penn).
Svein Ziva. Magnhildsminne.
Kari Aarbakke

Söndag 20. okt. -74.

Intens aktivitet omkring meg må
inspirere til skriving i hytteboka.
Hagne og Kjell er i full gang med
golvvask. Middagen lagar seg mest sjøl.
Når den er fortært, reiser vi til byen att
— etter å ha hatt ei koseleg helg her
på Sunnaberg i Skille og fredleg. Vi
kom opp fredag kveld. —
Kjell har visst stort talent i handverkar-
faget. Stova vert finare og finare.
Hagne og eg har gått på kurs (om enn
ikkje på "Kvikingen") - og elles "kokkerert" for
handverkaren og oss sjøl.
Det er fint med ei helg på fjellet, då ei
er glad for at Sunnaberg er her både for
sunnhordlendingar og andre!
Takk for meg. Solveig Sølvberg 7

Lill Nilsen

Hagne (R)

27. oktober 1974.

Det hav vore SNØ denne helga, men vi kom hit utan ski. Ein liten tur tok vi likevel på beina. Ellers hav det vore mest inneliv & vattelia. No skå vi på tampen til å dra, sai bare i all hast takk for oss.
Oss, det e Gulen folk.

Inger Johanne Jacobsen

3-11-74

Maagøe, Kjell, Per var på Såta i dag. Det var eit herleg vær i dag. Det var min første gang. Takk for meg, Annemor (var også der.)

OG MIN FØRSTE TUR VAR DET OGSÅ, OG HAR HATT EN SLIK FIN HELG HER, AT NÅ MÅ JEG BLI MEDLEM. FANTASTISK UTSIKT FRA SÅTA, OG HER SITTER JEG NÅ MED BEINA I VÆRET (MENS DET VASKES RUNDT MEG) OG SLAPPER AV ETTER EN KRAFTIG, OG GOD MIDDAG. ANGÅENDE MATEN MÅ JEG NEVNE AT VI BLE MOTATT MED BLØTKAKE DA VI KOM I GÅR – DET MÅ JEG SI ER EN FLOTT MÅTE Å MOTTA NYKOMLINGER MED – ER DET TRADISJON!? EN KOSELIG HYTTE, HER KOMMER JEG IGJEN.

Per Jansen.

Min første helg på hytten. Vi ankom på lørdag med fint vær. Vi var på tur i fjellet på lørdag og søndag. Hytten var fin og maten var god. Det har vært en fin helg.

Wenche Bruntveit.

Ja, eg er enig med Wenche at det hav vore ein fin tur. Eg seie det at me hadde vel godt av ein annan tur. Eg meinen også at maten var god. Hytten var meget fin og koselig. Det e også min første helg her.

Dagny Neverdal. Inger Lise Kvarstad Kari Reigstad Annemor Kollen

Aadne Olsen Sissiner Kollund

Lisbeth Mathisen Solfrid

Lisbeth Mathisen Solfrid

Som i gjestebok

Rezervat
pentru
bilete.

Helgen. 22-24/11-74

Ja, så får vi vel skrive hva som skjedde denne Helga også. Siden de som kom opp på fredag ikke vil skrive, *)1
blir dette referatet noe mangelfullt.
Da vi kom opp lørdag ettermiddag, var de akkurat i gang med å servere middagen. Etterhva vi så, var det visst Torhild***) som var kjøkkenskjff.
Under middagen fikk vi høre kommentarer fra Kjøyteløpet som hadde foregått på Hå-vatnet.**) Mariann og Olav hadde skrøyter med seg. De ble også flittig brukt av de andre folkene som var med på turen. Etterhva Lars Olav sier, debuterte han som drillebår der oppe.****)
Etter middagen spilte en gjeng ludo, men da vi ikke hadde fått inn mer enn 1 linkke etter 2 timer, gav vi opp.*****)
Mens dette foregikk i stuen, var det stor aktivitet på kjøkken. Der var det Magne som hadde tatt over skjeføretillingen. Han laget en deilig fløte kake og kokte god kaffe.
Mens vi holdte dette kom ennå to nye gjester, så vi ble til sist 17 mennesker her oppe.
7 av disse hadde ikke vært her før, men vi håper de ikke har tatt skrekken.******
Ut over kvelden gikk forresten dansen livlig. Særlig Lars Olav var flittig på dansegulvet.*******)
Da vi hadde pause i dansen, sang vi folkeviser.
Det var mange gode sangere.
Det siste måltidet på lørdag kvelden var det servert ~~kaffe~~ rabbe, men hva som foregikk da vet ikke jeg, for jeg gikk tur.

I 3 tiden var det en gjeng som begynte å bli lette. De stuet seg opp på loftet.
Resten av gjengen holdt det gående til i ½ 5 tiden.
? ? ? ? ? ?

Søndag var så og si alle oppslagde og i godt humør. Etter frukost, som Torhild og Magne stod for, dro vi så hver til sitt Nesgrendalaget.
Været var heller dårlig. Mesteparten av turen regnet det og det var steinglatt på veien. Men ingen ble skadet.
Nå sitter vi med middagsbordet og er kommet til dessert. Har vært god middag. (Ros til kokkene på nytt) ***
Nå har jeg brukt på mye glass i håp, at de andre melder meg å skrive mer.

Ragnhild Elise Vesse
Otto Arne Utkilen
Wenche Bruntveit
Inger-Lise Karlstad

En hyggelig hytteuke
– jeg har ikke
tatt skrekken!
Mariann Rand

*) Den eigentlege krabbefest var fredagskvelden.
**) Heiavatn
***) På norsk er namnet Tenill
****) Curlingmeisterskap også. Alle heldt på å få sitt "gjennombrudd" på skiser for isen var tynn!!!

*****) Gul brikke (Ragnhild og Lars Olav)
*****) Trass i at flere av dei ikkje
kom seg opp på loftet Ragnhild
la seg på luka då det var
fjøbg / fjøbg gutar og jenter der
oppe. Om morgonen synte det
seg at eine jenta (i sugekameraten
til Hans) hadde skjegg.
****) Ragnhild gav ikkje fred!
****) og Bente.
****) Ja.

** Lars Olav Grønås

** Kommentarene "tilfredes" (som
Johnny pleier å si).
Fredagen var en hyggelig og
avslappende kveld - !
Lars Olav har vist seg fra sin
god side, og Skiene mine er blitt
så flott kjørebredde. Takk! (også til
Grans Skosmørning) - og for Super
Stor bukse! Ragnhild.

Torill Strømme
Dagny Neverdal
Bente Nikalsen
Gunnhild
Brit Brakestad

Ingrid Rø
Oddvar Drange
Kjell Buget
Olav Bjørgen
Gunn. Dale

(FORØVRIG MENER JEG AT OLAV OG RAGNHILD BØR HOLDES BORTE FRA LØFTET DE ØDELEGGER BARE -

LOFTET 1. des. 1974.

Nå vi ikkje har kome på dette før:

I dag, dagen derpå Gunnbjørg Sin fødselsdag, kan di melda om Storkos på Loftet: Vi har just avslutta bordseta med mange retters middag og kaffe, og etterpå blei det eit "strekk" på madrassene. Ljell Syntes det var på romersk tid, men foretrakk dei sydlandske formkurdene framfor dei lyse, friske nordiske. Men han var også einig i at det var ein kjempe-koselig gjeng Samla denne helga. Hyttebygge laga vi og jobbing blei det:

Lampar og ovnar vart flytta på plass, og bryllaren på loftet er igjen tilgjengelig fra trappa. Golvet er beisa og lakka, kjøkkenet er blitt "vaska roko" og loftet er ryddа og støvsugd!
Her trur berre ikkje at di gløymo hovedpersonen! Gunnbjørg fekk mange varme ord og klemma konfekt og blomster. Så di gler oss berre til neste jubilant. Di blei trakta med blåbærkake og likør og konjakk etc. og programma var variert og svært vellykka. Kjell Dis filma både framleng og baklengs og opp-ned!
I perioden var det stor aktivitet på dansegolvet, og musikken spente frå gamaldans og country

and-Western til Nana Muscouri,
så alle var storleg nøgde.
Vi gler oss til neste dugnads-
helg då vi skal male og
bøkra og ha koselag
på loftet!

Hagebildestyret.

Kari Dalseth
Ingeborg Grude
(flittig dansar
m/forskada fot).
Kjell Nesse

Gunnbjørg Skålevik
Magne Ro
Sven Bue.

Gamleheimen 7/12 -74

Me vil ikkje vita av slike koselag på
loftet. No har me lakka golvet nytt strøk.
Diverre var det ikkje tørrt nok dagen
derpå. Så i dag har me gått på plankar
og sprengfyrt i ovnen. Me frista også
litt bruising i tak og på hjelkar. Men ÷

Brun bris er ikkje brun, og raud bris er ikkje raud, så no tek me nye fargeprøver med til byen.
Dt må orsaka at me ikkje har teke utav ovnen. Sprengfyringa heldt fram like til me hadde pakka.
Elles var morgongymnastikken således: frå gamleheimen, via ein plankebite bort til ovnen, opp loftstrappa utan å trø på golvet eller trappetrinn, ned kjøkeluka utan å trø på kokeplata eller golvet eller disken, og låsa opp kjøkendøra der nøkelen sto i på innsida!! Takk for oss

Olav Ouren

Olav Bjørn

7.-8. des.-74.

Golvet var kurt då me kom, og hytta god og varm. Med levande lys og varme vart det likevel gamske triveleg i den lome stova. Skodde og regnvær medførte dårleg trekk i ovnen og såleis engasjerte fyrbøtar i heildags-stilling til almen ågaom for samtlige. Arbeidet var tungt og krevande og medførte akutt behov for utendørs rekreasjon (tur langs E-68), mens ~~de~~ som ikkje kunne trafikkreglane måtte pakka seg inn i teppper og lesa. Sidan me ikkje vart tiltrudd å lakka golvet, rekna me med at me heller ikkje hadde tillit til å setja møblane på plass.
Eventuelle klager kan rettast til Magnhild Kolltveit eller (Rosa?).

Claudia Otterson

Eg fekk nytt fråarkort dagen etter.

Sunnalen, 27.12.74-

Romjul på hytta.

Julefreden på Kvamskogen er slutt. 3. juledag kom vesle-Marit opp på Sunnalen med nye ski og skiinstruktør. På laurdag kom det 30-40 cm fin nysnø oppå det fine underlaget gir mjuke fall for ein usikker skiløpar. Berre Marit var på skitur, 4 m gjekk ho, så måtte ho smørja (det klabba). Søndagen starta opp med snømåking, den tunge våte snøen skulle av taket på gamlehuset. I all arbeidsiveren kunde dei seg at eg trudde ballangs utfor moret:



Mange tenkar passerte i revy dei sekundane eg var vektlaus, men snøen tok mot meg med sin mjuke famn.

Sidan var Marit masse på ski. Opp og ned til "veiten". Ikkje kvilt stødig enno, men ivrig.

Det snøa kvar dag fram til måndag. Då kom folk opp frå vegen med regn og mildver i vikket. I nyttårsfeiringa skulle starta. På årets siste dag ramla dit inn folk både titt og ofte. Alle hadde med seg ein liten pinne - men Magnhild hadde misforstått og tatt med ein heil bjørkekvast frå skogen til Samuel (Sorin fekk ein litm forsmak på medgiften).
Så var straks 10-12 kokkar i sving på kjøkenet og alle var samde om at pinne-kjøt skulle koka anten 1, 2, 3 eller 4 timar. Kompromisset var at me åt kjøtet når panna koka tørr for vatn. Etter at me hadde stappa oss med bortimot ein heil sau, serverte Magne molte-krem (han var så søt og god, sa Mag..)
Alle hugsa så at året gjekk ut, og jenter og gutar takka kvarandre for kor gilde alle

hadde vore mot alle i året som gjekk – spesiel
såg det ut som Olav hadde mykje å takka for
Alle jentene fekk klem 5 gonger. Kanskje det
var avdi det gjekk rundt for han på slutten?
Den siste gode gjerning i gamleåret var at han
spanderte øl på kjøken til Magnhild. Seinare
song Tore allsong alleine. Kjell lega
pluss til Magnhild, men la seg der sjøv.
Magnhild missforstå, og la seg i stova. Meir vait
ikkje skrivaren, for dotteri hans leidde han tel
sengs klokka 3. Godt nyttår.

Olav Bjørgen Liv Tveita
Alfred Pettersen
Mariann Rand
Brit Brakestad
Tore Evanger.

Magnhild Lollund.
Gunnbjørg Skåleviks
Kari Garbaleiken

Haugane Rj
(Kjell, Liv II & Helga var her og)
Me var her vidare eit par dagar, og kverde som grevar på
restemat. Olav Tveita – Magnhild – Asbjørg



(Tvilla, 3 ⅓ år) Yngste deltaker i nyttårsfesten, og einaste som bere drakk brus.

Sunnaba 21/2 - 23/2 -75

Vår en trivelig helg på Sunnaba med fint vær og rimelig føre, selv om det så dårlig ut på fredagskvelden. Det har vært en av de rolige helgene, mere dominert av de fysiske utskeielsene enn normalt (trur eg). Påstanden vil muligens bli tilbakevist av mere sakkyndige, det er jo tillatt å prøve seg.

Til slutt: Ethvert forsøk på tvilsomme og sjikanøse påstander av de gjenværende vinterferiegjester vedr. låste dører til vedskjul og do tilbakevises på forhånd og derfor uten kommentarer!

Takk for oss!

Johnny & Torgeir Oslaug Gudny Ytre Tysheim

SØNDAG 19. JAN. 1975.

Dei fyrste som ankom til Sunnabu denne helga var: Olav, Brit, Lars Olav, Asta og Anne Sofie. Så arriverte Magnhild II pr. buss og til Slutt Tore pr. Fiat — Vi hadde ein koselig fredagskveld med smaking av gardinbrett, pussing av klossar og -oksehalseeppe (Tore lèkte den ikkje). Etterpå hadde vi elevtraundervisning og hardtrening i pols — Magnhild og Brit hadde hovedansvaret for natt-maten — Tore fikk den store oppgåva å passe melka på ovnen — han hadde store problemer når melka begynte å koke opp — men til alt held var Magnhild tilstede i rett øyeblikk.

De fleste av oss innledet skisesongen denne helgen - flott føre. Det tyder på å bli god deltagelse i Sunnaberrennet i år.

Eg ofra meg som vaktg for dei lustige plikter, så det blei diverre ikkje noko skitur på meg i år heller - men slikt gjer eg så gjerne for at dei andre skal få hyggja seg. Dette spesielle avsnittet er skrive av Sigmund

Lørdagen var vi på visitt hos Terje & co i hytta lengst oppi dalen der blei vi godt mottekne, og fekk stående invitasjon til å delta i festar til hjelpekorpsets fremme når vi hadde lyst. Terje har lova stå ei "bar-føtt-tviking-daffe-tur".

Kari Lærdahlen Tore Evanger

Lars Olav Sunde

Toriel Strømme

Asta Lødveidt

Sverre Sira Haugsbakk

Sunnaba 25.-26. jan

Etter mast 3 år fravær var det gildt å
vera på Sunnaba att. Vi ankom laurdag
ettermiddag (Magnhild, Bjørn, Torid og undr-
skrivne). Sjølv om 4 ukjø er noko stort tal,
var det det i dette høve. ~~Enkjem~~ Eg hadde
avtala stronemøte med Torill på Sunnaba
og etter alle undersøkjingar ~~og~~ gjorde på førehand
trudde eg vi skulle bli aleine. Men
den gong ei, Magnhild fann sjølvsagt
ut at her burdes ~~enstand~~ for å
sin moralens vokter. Den jobben klara
ho til gagns! Til straff måtte no spela
amerikanar heile nedden. Etter dette har
Magnhild dimmi fått sin skuldkomplks
som det kan ta lang tid å bøte. Gode
lenn - var difor varsam med Magnhild
i bråda som kjem og sin ukjø ramning
til ho. for all del
Sundagen var vi' fleire og gjekk på
ski ca. 1/2 time.

Bortsett fra at gobitene var for ~~lite~~ åte
salta, var måten god og riktig.
Vermund Sobotten

Stevnemøte eller ikke, Vermund hadde
i allefall gardert seg med et reise-T.V!
Torill Strømme

Kvitterer for ei hyggelig helg med
flydelig dør og snøsurgt land-
tross. Alle greidde oppgava si
med glans - Hagrbild

Bjørn Arholm (debutant)

Sunnaby 1-2 febr. 75

Litt yr, skodde, men masse sol oppover i hogda. Påskefore. Sola varmer no. Det var meldt steggevær!

Gardinstengen montert laurdagskvelde. Elles intet at melde!

Hilsen Ragnhild Torgrim Gjertrud Arne

Familiehelg på Lamnabu

7.-9 februar.

Supert vær hele tiden, men kaldt om natta ÷12°C om morgenen. Det ble kake turer for føret var knallhardt. Barna stortrivdes sammen, selv om foreldrene kjeklet endel. Ømen avreise fikk man endelig avgjort mesterskapstittelen i pilkast, yatzy og aking, dermed kunne alle skillest med "ordene" på gjensyn en annen helg.

Ellers gikk ingen ting på skjeive for Marit, Sven og Tonje. Takk for denne gang!

Ingvild, Hase-liv, Egil, Hanssen.
Solveig, Marit og Ottar Omarheim

Ole Olaf Olsen
Liv Tvinta
+ Marit.

Ulla Pikon.
Aud — " —
+ Arild + Jörn.

14.-16. Febr. - 75.

Ny hygge-helg med formann
Sveins fødselsdag som påskudd
(til eit livat „slaberas" laurdagsnatt
med 18 deltakarar: Sjelden ha
Sveim fått ei slik storslagen
gåva — Kari hadde lagt heil
Si Sjel i dei gilde, heimaspøta
Selbuesokkane! Og Magnhild la ik
minsto i ei 4 (fire) lags Gløkake (type: kursdag
lysblå lys, 27 sk) tilsett liquidium av høg kvalitet

Terje Lie, debutant på Kvittingen

Wenche Brantveit.
Åse Evanger.
Anne Lundal
Olav Bjørgen
Eli Eikeland.
Ellen Hansen

Brit Brakestad
Vidar Helmersen.
Sveinung Lie
Kari Aarbakke
Kjell Berget

Gunnhild Øksnevad
Audun Øksnevad
Torill Strømme
På Kvittingen Ungane

* 21/2-75
For nermare omtale av helga 21/2-75, sjå
ca 7 sider bakover ent. framover
etter behov og ønsker. Hh

26. febr. - 75
Jeg takker hjertelig
for hyggelige dager.
Bjørg Nedreaas

25-27 febr - 75.

Takk for meg. Jeg har hatt
noen fine dager her med masse
sol. Men i dag var det overskyet.
Marit holder oss i aktivitet fra
morgen til kveld.

Wenche Bruntveit.

Vinterferie for 4 slitne lærarar og to slitne foreldre, og ein opplagt unge, og ymse gjester.

22.2 - 2.3.75 på SUNNAABU

Vervarsla for vinterferien var pessimistis men vi har hatt fleire solskinsdagar enn overskya dagar, føret har vore hardt, alle sortar klister er prøvd. Men til kvitingen var det vanskeleg å koma seg. Marit har skifta barnepike frå dag til dag, ho vel og vrakar og kasserer dei utbrukte. Sjølv mannfolk med skjeegg får ein klem etter ein dag eller to.

Lenge trudde vi ikkje Magnhild skulle koma, men då vi slutta å gå til bussen, kom ho - måndagskvelde

Då byrja straks morosa. Nikkersen var stor nok den, meinte ho, med

glidelåsen open. Men då vi skulle ut på akebrett, small det. Ho avfyrte bukse-knappen ved å foreta ei lett vøying av knær og hofteledd. Ingen vart råka av det fårlege prosjektil. Sidan måtte me låna henne vindbukse med elastikk og utan fårlege knappar.

Seinare gjekk det slag i slag med akebrett, ski- og fotturar. Onsdag skifta me ut flittige Bjørg med talentfulle Sverre. Det var songtime kvar kveld, med mange gode oppfølk.

Magnhild skulle lære sette gutane i sjakk-matt, og det gjer ho no rett som det er.

Liv hadde fødselsdag med mange lys på bløtekaka tirsdagskvelden. Til gjengjeld gjekk bryllupsdagen torsdag hus forbi.

Fredag var forventninga stor hoss ungdomane. Men ingen kom oppover for å kjøra for dei før laurdag. Men det

er ei anna sogo.

Olav Gjerta, Liv Tveita

Magnhild Hobbsr, Kari Garbakke

Men på laurdagen braka det laus. Då kom først Olav, Britt og Wenche. Dei kom så tidleg at dei var på ein lang skitur.
Ut på ettermiddagen kom ny ladning. Det var Svein, Magnhild og meg. Magnhild og eg gjekk ut på bina (turde ikkje prøve skia på dei glatte fjor) Men Svein var mindre skvetten Olav tok ut med ski og det leide, men da han mådde oss att, var han visst lei, for han rundde og skreina heim att.
Ut på kvelden slika Wenche med Marit i vrigholter. (for ein energi)
Seint på kvelden fekk vi besøk av to fyrar frå Rodkors hytta. Langt på natt vart dei sett ved heim av Gunnbjørg, Kari og Magnhild. Dei hadde forresten skrutta mid seg apparer, så heimturen for dei vart rusand.
Søndag snøa det ein del, så da vart det heller lite utflukter. Berre småturar.

Brit Brakested
Olav Björgen
Magnhild Hellund
Ragnhild Elise Nesse

Gunnbjørg Sleåvik
Wenche Bruntveit.

P.S. Magnhild protesterar, hevdar på lang tur

Vi takker for lånet av Sunnaba ved arrangemange av Bygdelagsrennet.

Hilsen Gular

8/3-75

Øyvind Haukeds.
Roar Blom
Inger Marie Øygard
Elin Sjödin
Halvor Løsnedahl
Paul R. Wade
Laila Sætvedt

7-9/3-1975

Rolig helg i Vestlands-vær.
To dritturer - ikke helt av de lengste.
Søndagsvelden brukte vi hyggelig besøk av Alf Bakke (tidl. veleder og hyttekjøpt) med datter.
Takk for oss.
Anne Sofie Hansteen-Bakke

10/3 - 11/3 !

Tusen takk for lånet av „Gunnabu"
hytte:

Vi hadde to dagar fri
og stod mykje på ski
alle vi ni.

Rove Skråmestø 13 år!
Mona Skråmestø 13 år
Else Nilsen 13 år
Solveig Skråmestø 13 år
Liv Skråmestø 13 år
Tom Abbedissen 13 år
Bent - Frode Skråmestø 13 år
Jostein Abbedissen 13 år
Kjell - Arvid Ådlandsvik 13 år
Otto Arne Utkilen 14 år

Mars 15.-17./-75.

Sumaburennet-75 var eit
populært arrangement-
det vitra Skia-gjeng-
tilSlutningen oss! 25 personar
okkuperte alle jom, likeleg fordelt
på loft og stove, og vaktle
visse tider observert opprover
løypa mot Kvitingen og Fagre-
fjell.

Eri Eikeland
Kari Barbakka Kvitingen
"Sumabu" og "Kvitingen" for fyrste gong. Sett Kvitingen Inntro
Magnhild Strømmen. Nummer sånar.
Ida Olsen Gunda Ionie Strømme
Bente Myklebust Wenche Brunstad
Asbjørg Gjul Gyda Nyheim
Odvar Orange Dagny Neverdal. Audun Olsen
NR 5 på Kvitingen Var i dag for fyrste gong på ski.
Søndag 16/3. Magne På på Kvitingen Sumabu Ski
Sven Erik dyrevinkjøring Skigåturik Ask Sportsklubb.
Gudbrand Johannessen
Skinar Madsø, NR 1 på Kvitingen
Gudbrandsdal-Mohammed

Helga. den 21-22-23 mars 1975.

Oddvar Drange Sidsel Haga Terje Lie
Tirrie Lidevall. Arne Lundal Magnhild Arbo
Brit Brakestad.
Liv Sandvik Elsabeth Paltteth
Olav Bjørgen Sidsel F.pl
Anne Sofie Totland Dagny Neverdal.
Aslaug Ygre Nyheim
Liana Rø
Bente Beate Myklevoll.
Ingjerd Kjell Liake
Gjøm Knudsen

PÅSKEHELGA 1975.

Påskekosen starta onsdag ettermiddag; da kom Ola-Arne, Oddvar og Gunnbjørg med proviantten og plasserte den trygt i kjøle- og fryseskap. I god tru la di bakarvarene i kjellaren, til stor glede for dei yndige små musene, som trudde kalas i mi loffer og la igjen visittkortet sitt.
Mer matbradde di ikkeleg av, så husdyra dåre fekk det med godt humør at Dagny stakk av med fleskesvoren deira.
Det ivrta gode veret har skulda for stor aktivitet i løypa både på ski, kjelke og akebrett. Gmsr.

Audunns brekte ski og stavar,
og Sebjørns medslitne ski!! —
Sidsels skadde fot!)
Lengda av turane varierte frå
Magnes daglige kviting-turer
til Sebjørns Sildre-bekk-gonga.
Andre slo seg i lag med „Suppe-
gjengen" med skadig fråstande
formader frå formann Soeir,
barlig brå mjølk og lam. „Mer-
den myoalde hyrden for lagett
har misfydd oppgåva si, så
bar skakk av garde med lammet
og forlet (saue-)flokken til sin
eigen lagnad", sitat Sebjørn.

Arne Lindal
Aldred Pettersen
Dagny Neverdal. Mariann Rand
Ingvar R. Oddvar Drange

Liv Tveita
Magnhild Asbjørnsen.
Otto Arne Utkilen

Magne der Åse kom for tidlig i sin vår-form, for skuld 2 stk. frokost-egg tidlig i helga. (Jmfr. medbrakt bukse-under-dinner-lau). Radio* kan melda om ekstra mange forvridde damesokkar etterat Magne begynte å oppføre i "null-kini".

Også Oddvar hin Spretne har lynt seg språk både i löypa og på dansegolvet og hadde liksåt lydelig vårforneimmelse som Magne.

Selejorn "den Vise" tala til alt folket og gav dei gode råd, men visdomsorda fann ikkje grobotn.

Arne har gjort djupt og varig inntrykk med sine "Pariser-hjul".

Gunnbjørg var i stor-form heile påskehelga og dilla med "rumpå" slik at Gudun følte seg kalla til stor-innsats. Muligens kjem ikkje

Audun oppover om kvelden dagen på grunn av deltagelse. Kappleik

Under avsnitt for personlege rekordar må takkas med Magnhild Aa.'s nye liggerekord (god tid), noko Magne nytta seg mykje av. Lars Olav var innom kvile for å vaske seg.

Blant alle desse medfølgande opplysningar må også nemnast at Magnhild I'a fann "s-partner" i Sekjørn; makan til samhold både dag og natt har me ikkje sett på Sunnaken før.

Takk for nå.

Wenche Brunvatn.
Sekjørn Fjøkedal.
Magnhild Aabrekke.
Gunnbjørg Skålevik
Ragnhild Elise Vesse
Sidsel Fjøkedal
Lars Olav Aarsæther
Audun Aakre

Ulja, 6-7 april 1975.

Laurdag kveld bestemde eg meg plutselig for at eg skulle reise til Sunnaby på 'dans. Kom fram kl. 2130 og venta full fres i stova. Mor, mor-bror i mørke og last hytta, borsett fra lys på to rom. Eg banka først på rute, men ingen reagerte. Eg vandre traust vidare til neste vindu, og der nyrja lyen kom Sunnbjørg fram. (Det andre rommet var bare unnarommet mamma). Ho stod opp att (Tenk å leggje seg kl. 2100 sin laurdagskveld!!!), og eg åt og drakk til midnatt. Da vart Sunnbjørg trøytt att og måtte leggje seg. Neste dag gjekk turen til Vesle-Kvitingen over Hågåsnovi (1100 m), - eg rekte Sunnbjørg med alle sine år på ryggen, aldri hadde gått for! Vart vår bekjendt og i kveldingsdråm

fann vi oss ei hole og sola mitt
ovenkroppen til te, nistepakke, appelsin
m.m. Ikkje eit vindpust å merke
Takk for meg. Ei hyggeleg helg!

P.S. Ferd var og fantastisk flott,
bortsett frå nedgjøringa frå
Kjelen.

Vennlig Sindre

Gjennbjerg Skiløpk

Etter ein lang og slitsom dag til fjells
med bre seng gjekar med akebrettlankeurs
og snøballkrig og ein liten „fest" for meg
sjølv, var eg endeleg for ei stille stund
med „Vi elsker" på sengekanten.
Høyrte eit Vermund's forsøk på å komma
inn, men trudde det var vore festlige
natevn i fjell luftla.